

Fra: kultur@hfk.no
Sendt: 30.04.2014 22:13:02
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: Søknad om kunstnarstipend
Vedlegg:

Sokjar: Per Tore Barmen
Adresse: Lønningsåsen 83
epost: pertorebarmen@gmail.com
Kunstgrein: Biletkunst
Foedselsaar: 1972
Skattekommune: Stord
Orgnr_eller_personnr: 992 428 783
Postnr_Stad: 5417 Stord

CV: Denne er sendt pr epost.

Eige verksemd: Til dagleg arbeider eg deltid med digital 3d-modellering i ulike programvarer, og resterande tid brukar eg til å arbeida med 3d i meir handfaste material slik som til dømes tre, leire, metall og stein.

Gjennom mange år har eg jobba målretta innan tredimensjonale uttrykk. Dette har gjort eg har tatt utdanning og kurs innan området for å utvikla meg. Det vil mellom anna seia sveinebrev i treskjerarfaget. Og skulptørkurs der hovudfokus har vore marmorskulptur. Kurs innan teikning har eg også teke. Eg planlegg å utdanna meg vidare innan skulptur i tida som kjem for å få ei betre formell plattform å byggja vidare frå.

Enkelte utstillingar har eg delteke på, først og fremst på vestlandet. Det meste av arbeida eg har laga har vore på oppdrag frå private kundar sett bort frå nokre mindre ting som vart utført for ei kyrkje.

Eg har alltid hatt ei sterk trong til å uttrykka meg visuelt, men har også ei tru på å kunna skapa min eigen arbeidstad der eg kan jobba med det tredimensjonale på heiltid. Kombinasjon og mogelegheit mellom digital 3d-modellering og klassisk 3d-modellering tykkjer eg interessant i forhold til tida me lever i. I tida framover kjem eg til å jobba aktivt for å komma med på utstillingar med arbeida mine og eventuelt delta på andre måtar for å prøva å skapa meir interesse for ei kunstform eg brenn for.

Planar_for_stipendet: Eg ynskjer å bruka stipendet til å fordjupa meg meir innan 3d.

Eg prøver å kombinera digital 3d-modellering og 3d-modellering på tradisjonelt vis. Med digital 3d-modellering trur eg det gir rom for ein litt ny dimesjon til den tradisjonelle måten å jobba med skulptur på.

Eg vil nytta stipendet til ein lisens på 3d-programvara ZBrush.

<http://store.pixologic.com/ZBrush-4R6-Single-User-License/>

Dessutan vil eg nytta stipendet til arbeid/kurs/utdanning hjå Konstnärnas Kollektivverkstad Bohuslän i Sverige.

<http://www.kkv-b.se/index.php/site/>

Biletmateriale_dok_henvisningar: Dette er sendt pr epost.

Andre_opplysningar: Heimeside:

<http://www.ptbarmen.no>